

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------|--------|------------|
| Hilde Bergjord | K2-L32 | 21/847 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|--|------|------------|
| 080/21 | Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet) | PS | 07.09.2021 |

Nytt vegadressenamn til hyttefelt i Marvik på gnr. 126 bnr. 1 - offentlig ettersyn

Kommunedirektøren si innstilling

I medhald av matrikkellova §21 legg Suldal kommune namnet **Stegane**, som forslag til namn på adresseparsell i nytt hyttefelt i Marvik, ut til offentlig ettersyn.

Høyringsfrist 01.11.2021.

Sand, 10.09.2021

Karin Dokken Austvik
Kommunedirektør

Saksopplysningar

Samandrag

Det er laga reguleringsplan for 19 hytter i Marvik på gnr. 126 bnr. 1. I samband med opparbeiding av feltet må den regulerte vegen tildelast namn slik at nye hytter kan få tildelt adresse i samband med byggeløyve. I området har vi vegnamnet Øygarden som går frå kaien, forbi skulen og vidare opp til kommunalt bustadfelt. Tilkomsten til det nye hyttefeltet går frå denne vegen.

Fakta

Opparbeiding av infrastrukturen til nytt hyttefelt i Marvik har starta, og vegen i området må tildelast namn slik at det er klart for adressetildeling i samband med byggemelding. Då reguleringsplanen blei laga var det ikkje eit lokalt namn på sjølve planområdet. Planen heiter detaljplan for hytteområde i Marvik og blei vedteken 21.06.2011. Tilkomsten til det nye hyttefeltet går frå Øygarden som er namnet på vegen som går frå kaien, forbi skulen og vidare til kommunalt bustadfelt.

Grunneigar Albrigt Stokka føreslår namnet Stegane som er eit namn som er blitt registrert i samband med stadnamnregistreringa som skjedde på 1980-talet.

Skrivemåten av namn skal vere i samsvar med reglane i stadnamnlova.



Lover, føresegner, rundskriv

Lov om stadnamn

Matrikkelova §21 med tilhøyrande forskrifter (§§46-59 i kap. 12)

Adresseveileidar om tildeling og forvaltning av adresser etter matrikkelova utgitt av kartverket

Vurdering og konklusjon

Grunneigar i området føreslår namnet **Stegane** på vegen inn i hyttefeltet (markert med raud farge på utsnittet ovanfor). Dette namnet er registrert i området i samband med stadnamnregistreringa som vart gjort på 1980-talet.

Kommunedirektøren rår til at namneforslaget **Stegane** blir lagt ut til offentleg ettersyn.

07.09.2021 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Albrigt Stokka spør utvalet om han er ugild, det er hans hyttefelt. Utvalet finn han ugild.

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

LMT- 080/21 Vedtak:

I medhald av matrikkelova §21 legg Suldal kommune namnet **Stegane**, som forslag til namn på adresseparsell i nytt hyttefelt i Marvik, ut til offentleg ettersyn.

Høyringsfrist 01.11.2021.